



Mottaker
Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.: 2020/0255-2

Saksbehandler: Kathrine Tvedt Lavik
Saksansvarlig: Magnus Gabrielsen

Dato: 25.09.2020

Høringsfråsegn - forslag til endringar i apotekloven § 6-6

Konkurransetilsynet viser til brev frå Helse- og omsorgsdepartementet 29. juni 2020 med omsyn til endringar i apotekloven § 6-6.

Forslaget inneber at det opnast for at originale biologiske legemiddel og deira tilsvarende legemiddel kan vurderast som bytande. Forslaget om endringa i apotekloven § 6-6 gjer at ordninga for legemiddelbyte i apotek ikkje lenger berre er for generiske og parallellimporterte legemiddel.

Konkurransetilsynet sine merknader

Konkurransetilsynet støttar Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag til endringar i apotekloven § 6-6. Endringa vil mogleggjere auka konkurransepress også for biologiske legemiddel, som igjen kan bidra til lågare prisar på biologiske legemiddel samt betre tilgang til slike legemiddel.

Det visast i høyringsnotatet til at den tilsvarende byteordninga med generiske legemiddel anslagsvis sparar folketrygda og pasientane for om lag to milliardar kroner i året. Dette kan indikere at det å inkludere biologiske legemiddel i byteordninga kan spare samfunnet for store summar årleg som følgje av auka konkurranse og lågare prisar. Ettersom det er venta fleire biologiske legemiddel i marknaden i framtida, vil dette også ha større verdi framover.

Det at legemidla må godkjennast før dei kjem inn på "*Byttelisten*", sikrar etter Konkurransetilsynet sitt syn eventuelle helsemessige årsaker til å ikkje ta inn biologiske legemiddel i ordninga for legemiddelbyte i apotek.

Med helsing

Magnus Gabrielsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Mottaker

Helse- og omsorgsdepartementet

Postadresse

Postboks 8011 Dep

*Poststed*0030 OSLO
Norge*Kontakt/e-post*

postmottak@hod.dep.no